



Turfalder på Norsk

Hovudattraksjonen på Lyngheisenteret er landskapet. For å oppleve dette er det viktig å gå på tur. Berre på den måten kan du få med deg noko av det meste særmerkte ved Lyngheisenteret : Eit område nytta til aktiv landbruksdrift som samstundes er tilrettelagt for friluftsliv, naturoppleving, kulturforståing, forskning og undervising.

For å gjera det lettare å ta seg fram er det laga om lag fire km med gangvegar. Denne vetle falderen inneheld opplysingar om litt av det du kan sjå langs med den ytste sløyfa av vegsystemet på om lag to km. Den går gjennom utmarka til dei fem gardene på Ytre Lygra. Her får du oppleve den tidlause kystnaturen med fuglesong, bølgeskvulp og angen av lyng, og er du heldig treff du på villsauene som går på beite her ute heile året. Meir kunnskap vil du finna i Informasjonsbygget.

Mangelen på skog er uvant for mange. Dei tykkjer lyngheiane er karrigt og forblåse. Men dette landskapet er ein del av kulturarven på kysten, og det fortel mykje om levekåra her ute gjennom fleire tusen år. I dag har vi eit anna levesett, og det opne landskapet forsvinn difor raskt. Lyngheisenteret vil verta meir og meir særmerkt etter kvart som denne utviklinga skrid fram. Her vert det mogeleg for komande generasjonar å oppleve det tradisionelle kystlandskapet og få kunnskap om korleis ressursane vart nytta. Samstundes er tradisjonelt drivne landskapstypar, saman med dei opphavelige husdyrrasane som høyre til her, ein levande genbank for utvikling av matproduksjon for framtida.